

# Årsmelding 2021 Eldrerådet i Vaksdal.

## Eldrerådet sine oppgåver/føremål.

Eldrerådet er eit lovpålagt medverknadsorgan som vert valt av Kommunestyret for valperioden jamfør kommunelova. Føremålet med Eldrerådet er å sikra breid, open og tilgjengeleg medverknad i saker som gjeld eldre.

## Samansetning:

Eldrerådet har denne samansetninga:

Heidi Rongved (politikar), leiar

Agnar Sellevold, nestleiar

Anna Bruvik

Ragnhild Margrethe Falch Vatle

Mona Grenasberg (politikar)

To av medlemma er politisk valde, og tre er valde etter framlegg frå pensjonistlaga i kommunen.

## Saker i Eldrerådet.

Eldrerådet har i 2021 hatt 3 møte og behandla 19 saker, m.a.:

- Stortingsvalet 2021 – utsending av sms
- Digital innbyggjarvegledning
- Markering av Eldredagen 2021
- Helse- og omsorgsbygg Vaksdal
- Handlingsprogram og økonomiplan 2022-2025 for Vaksdal kommune
- Budsjett 2022 Vaksdal kommune
- «Leve heile livet» og aldersvenleg samfunn

Helse- og omsorgsbygg på Jamnetomta har vore fast orienteringssak på møta. Elles har Eldrerådet fått orientering om flytting frå Jamnetunet og butilbod i byggeperioden, status for utskrivingsklare pasientar, pasientreiser, pandemi og smitteverntiltak, velferdsteknologi og Vestlandsprosjektet og e-helse Vestland.

I samarbeid med pensjonistlaga i kommunen har Eldrerådet jobba for å få tilrettelagt tursti i sentrumsnære område og søkt om midlar og fått innvilga tilskot frå Bygdeutviklingsutvalet.

Eldredagen 2021 vart markert med eldrefest i Samfunnssalen på Stanghelle.

Nestleiar i Eldrerådet har etter førespurnad frå Samnanger eldreråd vore på møte med dei for å orientera om korleis Vaksdal eldreråd jobbar.

Eldrerådet har hatt representantar i:

- Brukarutvalet for institusjonane
- Arbeidsgruppa for «Aktivitetsvenn for personar med demens»
- Referansegruppa for «MedvirkDem»

- «Den kulturelle spaserstokken», planlegging og gjennomføring av arrangement

Brukarutvalet har hatt 4 møte i 2021. Arrangement knytt til «Den kulturelle spaserstokken» har vorte noko redusert i omfang grunna pandemi og smittevernrestriksjonar, men det er gjennomført arrangement i periodar med mindre smitte. «Aktivitetsvenn for personar med demens» har stått på vent grunna pandemien, og «MedvirkDem»-prosjektet er i sluttfasa og skal avsluttast når rapport vert overlevert kommunen første halvår 2022.

Medlem i Eldrerådet har delteke på digitale og fysiske samlingar knytt til eldrereforma «Leve heile livet» og satsing på aldersvenleg samfunn samt på sluttkonferansen for Vestlandsprosjektet. Eldrerådet var også representert på kick-off samling for digitalt utanforskap og digital innbyggjarvegledning for eldre i regi av e-helse Vestland.

Eldrerådet har delteke aktivt i prosessen fram mot plan for «Leve heile livet» i Vaksdal kommune og var med å arrangera innspel- og dialogmøte i Turbinen i oktober. I forkant av møtet hadde det vore ein felles prosess for dei tre pensjonistlaga i kommunen.

Dale, 22.03.2022

Heidi Rongved /s/

Agnar Sellevold /s/

Anna Bruvik /s/

Ragnhild Margrethe Falch Vatle /s/

Mona Grenasberg /s/